



Det var godt besøk heilt frå opninga

Damevennene held fram med laurdagsopning av Martabu som julebu og suksessen er framleis eit faktum. Såleis har det idag vore sal for 7427 kroner og det inneber at snittinntekta held seg rundt 7000. Det tyder på at salsinntekta endar rundt 50 000 slik at halve hjartestartaren til Hagetunet blir finansiert på denne måten.

Det har etterkvart samla seg mykje strikkevarer som sokker luer og votter i hyllene i den tidlegare krambua, men i dag var det størst sal av mat, som brød, julebrød, flatbrød og spekemat. Det var tett av folk i bua heilt frå start. To produkt som har hatt eit litt tregt sal dei 6 opningsdagane som har vore til no er glassenglar og vinhøner, men i dag gjekk 3 englar og ei høne over til nye eigarar.

Derimot var det ikkje sal som vi registrerte av to spesielle produkt: Ostehøvlar forma som sauar og med skaft av epletre og kulepenningar håndlaga av eik og epletre samt hjortehorn.

Det interessante er at denne nye salskanalen har utløyst produksjon av så mykje spennande i bygda og no er spørsmålet: Kan dette halda fram slik at det blir seld produkt til andre gode føremål?



og foto: Ola Matti Mathisen

Originale produkt laga oppe i dalen Tekst



Vinhønene sel betre no